

Linken til søknadsskjemaet finn du nedst på denne sida, men les følgjande punkt nøye før du startar (mange fyller ut feil):

1. Kulturskulen føreset at søkjaren har sett seg inn i reglane for [Elevopptak](#) og [Utmelding](#) før søknaden blir sendt. Viktig!
2. Namn skriv du slik som dette døme viser: **Inge Olavson Engevik** skal skrivast slik:
Fornamn: **Inge Olavson** Etternamn: **Engevik**.
3. Hovudopptak skjer om våren med **søknadsfrist 15. april!** Før opp eleven sitt **klasse**trinn **for det skuleåret du søker for**.
4. Dersom eleven ønskjer å delta på **fleire aktivitetar samtidig**, må ein skriva dette i merknadsfeltet i søknaden.
5. Les om [Instrumentleige](#).
6. Tenk grundig gjennom punktet om **Foto- eller videoopptak av barnet** før du evt. kryssar av. Vi legg ut bilete på heimesida av ulike konsertar og framsyningar, men utan å nemna namn.
7. Når du søker elektronisk, bør du lagra søknaden for seinare bruk. Logg deg inn som ny brukar og lagre søknaden. Når søknaden er sendt, vil du få ei **kvittering på epost** som stadfestar at søknaden er motteken av kulturskulen.
8. Les **Rettleinga** i høgre kolonne i sjølve søknaden etter kvart som du fyller ut. **Søk [her!](#)**